Gjenåpning av orienteringsløp.

Det er gitt opning for å arrangere orienteringsløp der inntil 50 personar er samla samtidig. Utøvelse av orientering er ikkje i seg sjølv forbundet med vesentleg smittefare all den tid det utføres individuelt og alle løper for seg sjølv. Utfordringane er meir knytt til reise, arena (samlingstad) og start sted, samt ved stempling på postane.

NB! Personar som har symptoma på luftvegsinfeksjon skal ikkje delta/arrangere (heller ikkje ved milde symptoma). Dette gjelder også personar som er i karantene eller isolasjon. Personar i risikogruppe anbefalast på generelt grunnlag å ikkje delta i arrangementa.

For arrangørar:

- Det skal utpeike en smittevernsansvarlig som til ein kvar tid har ansvar for at regler blir overhaldt. Denne personen kan avblåse konkurransen og bortvise personar som ikkje overheld krava til smittevern.
- Smitteverntiltaka skal settast opp på arena og informerast om på innbyding (heimesida)
- Arena utformast slik at det aldri er meir en 50 personar samla samtidig.
- Ved pakking av kart skal ein vaske hender før de startar med oppgåva.
- Kart og leigebrikker deles ut av arrangør, løparane skal ikkje administrere dette sjølve.
- Sørge for at det er tilstrekkeleg med desinfiseringsmiddel og rent vann på arena. Desinfiseringsmiddel virkar ikkje på skitten hud.
- Ved utsetting av stemplingsbukker skal enheten vaskast etter den er satt på plass.
- Det skal ikkje vere bollar/frukt eller løpardrikke på arena. Løparen må med bringe til egent bruk.
- Det skal ikkje deles ut strekktider. Resultat leggast ut på nett i etterkant.
- Planlegg mål slik at det er god plass til å spreie seg før en går videre til vask og brikkeavlesing.

For deltakar:

- Påmelding til løp skjer kunn på Eventor. Det er ikkje mogleg å melde på løpet ved arena.
- Det oppfordrast til å kjøpe sesongkort på forehand til konto nummer 3700.07.15094. Betaling av enkeltløp/sesongkort på arena nyttes berre VIPPS til nummer 103618.
- Deltakaren skal ikkje opphalde seg på arena lenger en nødvendig.
- Følg arrangørens anvisning på arena. Husk avstandsregelen på 1 meter til alle som ikkje bur i same husstand.
- Ikkje bli ståande på posten etter du har stempla. Treng du tenkepause så trekk nokre meter vekk frå posten.
- Alle deltakarar med bringer egent vann/klut til vask etter målgang.
- Ta med egen drikke/mat.
- Alle skal spritvaske hender før en startar løpet.
- Etter målgang skal hender og brikke spritvaskast før brikkeavlesing. Husk at synleg skitt må vaskast bort først.
- Husk at ein ikkje skal stå tett saman etter gjennomført løp og diskutere kart og vegval.
- Ikkje bli værande unødvendig på arena. Forlat arena så snart som mogleg.